



## Statens vegvesen

Fram Ingeniørkontor AS  
Postboks 4814 – Nydalen  
0484 OSLO

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
16/125040-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
16.12.2016

### Uttale – Søknad om dispensasjon – E39 – Gnr. 212 bnr. 19 i Lindås kommune

Statens vegvesen syner til søknad om dispensasjon frå byggjegrænse mottatt 15. august 2016. Vi var på synfaring på staden 5. september 2016.

#### Kva saka gjeld:

Det er søkt om å oppføre lagerbygg på eigedomen gnr. 212 bnr. 19 i Lindås kommune. Eigedomen ligg langs E39 og under / nedanfor Eikanger bru. Lagerhallen har mål på om lag 12x15x6,5m. Det er søkt om dispensasjon etter veglova frå byggjegrænse langs E39.

Arealet er avsett til «Noværande næringsområde» jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås. Det er eit generelt plankrav for tiltak som krev søknad og løyve etter pbl. §§ 20-1 og 20-2 jf. føresegner til planen § 1.1. Området er elles ikkje regulert.




Fig: Kart vedlagt søknaden.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

### Opplysning om saksgang:

Det er Lindås kommune som er rett mynde for å vurdere om tiltaket utløser krav om reguleringsplan. Slik vi tolkar føresegnene til arealdelen av kommuneplan for Lindås er det knytt plankrav til dette tiltaket, og søknaden skal såleis handsamast som ein dispensasjonssak etter plan og bygningslova (pbl).


Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt ansvarsområde jf. pbl. § 19-2. Vi har og klagerett i slike saker. Dette brevet er difor utforma som ei uttale som kan nyttast til kommunen si handsaming av søknaden.

### Uttale til søknad etter plan og bygningslova:

Føremålet med byggjegrænse langs veg er m.a. omsynet til trafikktryggleiken, vegvedlikehald, arealbehov ved utbetring av veg og miljøet langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 70 km/t og årstdøgertrafikk (ÅDT) er 5700. I *"Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013-2016)"* er vegen klassifisert som Haldningsklasse 1. Det vil mellom anna seie at vegen er ein svært viktig hovudveg med nasjonal og regional funksjon og at avstandskravet vi skal leggje til grunn er 50 meter.

I søknaden er det tatt utgangspunkt i eit minste avstandskrav på 14 meter. Når vi måler på kart vurderer vi at tiltaket har næraste bygningsdel om lag 10,5 m frå vegmidte. Dette er eit vesentleg avvik frå avstandskravet i rammeplanen. Rammeplanen er retningsgjevande for korleis vi handsamar søknaden, og vi vil ha ei streng haldning til dispensasjon frå denne byggjegrænsea.



Situasjonskart. Kartet er ikkje oppdatert i samsvar med dagens tilhøve. Nytt bygg teikna inn er mål i søknaden.

Ved bygging under og ved bru er det særleg viktig å ta omsyn tryggleiken for dei som skal opphalde seg under brua. I samband med vintervedlikehald kan snøkast vere til ulempe for byggverk og innretningar nær vegen. Det kan og vere risiko for at ein del trafikantar kan kaste gjenstandar som til dømes flasker og liknande som kan treffe grunnen under brua.

Tilkomst til området ligg mellom omsøkt lager og kaifront. Ved synfaring 5. september 2016 ser vi at det vert relativt trangt mellom tenkt plassering av nytt lager og kaifront. Det er viktig å ta omsyn til at det må vere tilstrekkeleg areal på kaiområdet til at køyretøy trygt kan manøvrere, slik at ein unngår at noko kjem bort i og skadar brukonstruksjonen ved eit uhell.

I tilknytning til bruanlegget er det anlagt ein undergang som er del av veganlegget til E39. Det ser ut til at tilkomstvegen til området er flytta heilt inntil undergangen, og at kurvaturen inn og ut frå undergangen er endra. Dette er svært uheldig og medfører mellom anna at korkje mjuke trafikkantar eller køyretøy har tilstrekkeleg sikt. Vi kan ikkje sjå at det er søkt om å flytte tilkomstvegen.



**Foto: Undergang til E39.**

Vi minner elles om at vi tidlegare har satt krav om at det skal avsetjast eit areal på vestsida av brua med breidde på minimum tre meter som skal vere disponibelt i samband med vedlikehald av brukonstruksjonen.

Statens vegvesen gav i vedtak av 12.02.2014 løyve til oppføring av lagerhall i ein avstand 20 meter frå vegmidte på same eigedom. Vi vurderer at det ikkje er grunnlag for å lempe

ytterlegare på dette avstandskravet. Vi stiller også spørsmål ved om eksisterande lagerhall og tilkomstveg er bygd i samsvar med dispensasjonen som vart gjeve i 2014. Vi ber om at kommunen vurderer oppfølging av dette forholdet.

**Vidare saksgang:**

Statens vegvesen utsetjer vidare handsaming av søknad etter veglova til omsøkte arealbruk og eventuelt plankrav er avklart av kommunen som rette mynde. Dersom kommunen godkjenner tiltaket må det sendast inn ny søknad til Statens vegvesen.

Vi ber om å få oversendt Lindås kommune sitt vedtak til klagevurdering.

Plan og forvaltningsseksjon, Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ